

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 12.03.2025

Vår ref.: 202106404-4 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om auka slukeevne i Tveitelva kraftverk, Kvinnherad kommune, Vestland fylke

NVE har fått inn søknad frå Tveitelva kraftverk AS om løyve etter vassressurslova til økt slukeevne i Tveitelva kraftverk i Kvinnherad kommune. Søknaden blir no send på høyring med frist for innsending av fråsegn 1.4.2025.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at kunngjering og brei offentleg høyring er nødvendig. Søknaden blir derfor send på høyring til Kvinnherad kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland.

Kva det vert søkt om

NVE har fått ein søknad frå Tveitelva kraftverk AS, datert 22.3.2021, om løyve etter vassressurslova til å auke slukeevna i Tveitelva kraftverk til 2,1 m³/s. Konsesjonsgitt slukeevne er på 1,76 m³/s. Endringa vil auke årsproduksjonen med 6 %, frå 10,4 til 11,0 GWh/år.

Den auka slukeevna vil gi om lag 4 % reduksjon i gjennomsnittleg vassføring. I eit normalår blir det 9 færre dagar med overløp. I tørre år er talet lågare, medan det er høgare i våte år.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/8811/V.

Den opphавеlege vassdragskonsesjonen frå 2007 og NVE sitt bakgrunn for vedtak, er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/4573/V.

Søknaden skal behandlast etter reglane i vassressurslova kapittel 3.

Kva vi ønskjer fråsegn om

Gjennom høyringa ønskjer NVE å få inn synspunkt på endringane som er presenterte i søknaden. Vi ønskjer konkrete synspunkt på om endringane bør gjennomførast, eventuelt forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngitte forslag til mildnande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper. I tillegg ber vi om eventuelle kommentarar til om søknaden gir tilstrekkelege opplysningar om verknadene av tiltaket.



Dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg, ber vi om tilbakemelding på det.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/8811/V)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202106404 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202106404 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er

1.4.2025

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Dersom uttalen er lang, er det derfor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagde ut på NVE sine nettsider.

Til kommunen

Vi ber Kvinnherad kommune om å informere om saka på nettsidene sine og eventuelt sosiale medium.

Med helsing

Anne Karine Herland
Seniorrådgiver

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

KVINNHERAD KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

Tveitelva Kraftverk AS